



iPhone: Android:

**Harpefossen**

Furuhogane til Bakke

10 km**Tur nr. 6**www.harpefossen.no/turar**4 t**

Turen går fyrste halvdel i variert fjellterreng, medan siste halvdel ned mot Bakke er på skogbilveg. Innholdsrik tur forbi mange fiskevatn, små fjelltoppar, langs elvar, fossefall, demningar og den storslårte naturen ned gjennom Kloven.

Stikryss

Furuhogane - Kjenndalsvatnet sør - Kjenndalshytta - Kjenndalsvatnet nord - Kringlevatnet - Blåfjellvatnet - Klolevatnet - Nesbakkelva - Bakke

Turbeskriving

Turen starter i overkant av skoggrensa på Furuhogane (toppen av hyttefeltet) og det er parkering langs vegen fram til servicebygget for Kjenndalsheisen. Stien opp i Kjenndalen går langs Kjenndalselva opp til Kjenndalsvatnet (805 moh) (1,5 km) og i elva er det mange flotte fiskekulpar. Ved Kjenndalsvatnet fylgjer ein merkinga forbi steinhytta (Kjenndalshytta) til nordenden av vatnet (1 km) kor ein tek til høgre opp slukta til Kringlevatnet (300 m). Herifrå går merkinga 700 meter rundt sørrenden av vatnet og opp eit sokk mot ein liten topp (936 moh) med flott utsikt og kor ein ser ned Blåfjellvatnet på venstre side og over mot Tjuvavatnet på høgre side. Stien er nokre få stadar litt bratt på veg ned mot den slake opne lida på nordsida av Blåfjellvatnet (1 km). Her er det fint å slå opp telt og fiske. Løypa går vidare ned langs ei lita elv mot nokre småvatn og etter kvart Klolevatnet (700 m). Stien fylgjer vasskanten langs nordsida av vatnet 600 meter til demninga kor ein kan risikere å måtte hoppe over elva dersom det er mykje vatn. Frå demninga og ned til Bakke (5 km) fylgjer løypa skogsbilveg som vert stadig betre etter kvart som ein nærmar seg bygda.

Turen passer for alle som er i rimeleg god form og med skikkelige fjellsko.

